

**FRÅSEGN FRÅ ÅRSMØTE I SOGN OG FJORDANE VENSTRE  
17 – 18. FEBRUAR 2007**

**Til  
Energi – og miljøkomiteen, Stortinget  
v/ komiteleiar Gunnar Kvasheim**

**FØRDEFJORDEN MÅ VERTE REFERANSEFJORD**

Regjeringa foreslår at Førdefjorden skal vernast. Venstre vil at Førdefjorden skal bli ein referansefjord der vi kartlegg korleis næringsverksemd i fjorden påverker villaksen sine vilkår.

Direktoratet for Naturforvaltning har tidlegare sagt at Nausta er lite påverka av inngrep. Havforskningsinstituttet er i tvil om etablering av laksefjordar er rett, fordi det vitskaplege grunnlaget for å etablere desse laksefjordane er for dårleg. Difor har Venstre programfesta at vi treng forskning for å avklare om nasjonale laksefjordar er teneleg for ivaretaking av villaksen.

Dersom resultatet frå forskinga viser at nasjonale laksefjordar ikkje gir den effekt som er forventa, kan dette opne opp for at tidlegare bandlagde fjordarmar i fylket blir frigitt for oppdrettsnæringa og anna verksemd. Venstre vonar difor at Stortinget vil gjere Førdefjorden til referansefjord for villaksen.